

## Refleksjonsnotat

I dette notatet vil vi fortelje korleis vi i fellesskap føler at prosjektarbeidet har gått. Ellers viser vi til personlege notat.

I starten følte vi at arbeidet var kjedeleg og tok lang tid, sjølv om vi låg framfor skjema. Etter at vi fekk ferdig ein del skriftleg arbeid og vi byrja å produsere kode, senka roen seg blant oss. Det var godt å «komme i gong». Det var ikkje alltid like lett å fordele arbeidet på tre personar, men stort sett var det godt at vi var tre personar i arbeid. Konflikhtar har vi heldigvis klart å unngå. Der vi har vore ueinige har vi latt fleirtalet bestemme, og den nedstemte har klart å godta nederlaget.

Forelesningane kunne til tider virke oppstykkande på arbeidet dei gongane vi var kommen i ein god driv. Andre gonger var dei kjærkomne avbrekk frå tunge periodar i prosjektarbeidet. Det vi verkeleg føler øydelagde kontinuiteten i arbeidet var alle rapportane og presentasjonane. Det verka bortkasta å bruke tid på statusrapporten, særleg i ein periode med mykje koding og sjukefråvær.

Arbeidet med hovudrapporten og presentasjonen av denne gjekk overraskande lett. Mykje av dette kan skuldast at vi hadde ein god forprosjektrapport å byggje på. Under rapportskriving og presentasjonar har vi følt at arbeidsfordelinga har vore god, og alle har teke del i dette arbeidet.

Etter ein dag på EXPO har vi fått ein del positive tilbakemeldingar frå publikum, dette kan til dels skuldast ein oversiktleg plakat og gode demonstrasjonar av systemet. Vi meiner at det godt kunne ha kome fleire eksterne personar på EXPO.

Vi føler at vi har hatt god kontakt med våre oppdragsgjevarar og deira medarbeidarar gjennom heile prosjektperioden. Det har klart vore ein fordel at vi har hatt arbeidsplass i Mediesenteret sine lokaler, fordi vi har kunna dra god nytte av den daglege kontakta med dei som arbeider der. Vi har følt oss godt mottekne frå dag ein og alle medarbeidarane har vore tilgjengelege for spørsmål og dei har uoppfordra tilbydd å hjelpe oss med ulike oppgåver.

Vi har snakka med ein del andre grupper, og enkelte har vore lite nøgde med tilbakemeldingane, eller evt. mangel på desse, frå sin kontaktperson ved HiB. Vi er derimot særst nøgd med kontakten vi har hatt med vår kontaktperson. Han har gjort det som vi har forventa av ein kontaktperson. Han har vore svært tilgjengeleg for spørsmål og gitt gode tilbakemeldingar. Vi set spesielt pris på at rapportane var lest gjennom før innlevering og at han tok seg tid til å vurdere presentasjonane før desse vart presentert. Det har nok vore ein fordel at vi har hatt arbeidsplass så nært skulen.

Vi vil absolutt anbefale HiB å oppretthalde samarbeidet med Mediesenteret slik at fleire studentar kan få hovudprosjekt her.

*Gruppe 6: Arild, Christoffer og Åshild*